

Referat frå FAU Hognestad skule 02.09.2025

Til stades:

Kristian Hognestad, 7.trinn

Heidi Sortland, 5.trinn

Lisa Seel, 4.trinn

John S. Holm, 6.trinn

Silje Fosse, 2.trinn

Zofia Nedrebø, 7.trinn

Ingrid Underhaug Nielsen, 3.trinn

Eva Madeleine Auglend, 1.trinn

Ingveig Nærland Ødegård, rektor.

(Helene Hognestad kunne ikkje møta)

Påtroppande styre:

Eva Madeleine Auglend, 1.trinn

Silje Fosse, 2.trinn

Ingrid Underhaug Nielsen, 3.trinn

Helene Hognestad, 4.trinn (ikkje møtt)

Heidi Sortland, 5.trinn

John Sægrov Holm, 6.trinn

Kristian Hognestad, 7.trinn

Avtroppande styre:

Karoline Bekkelund, 3.trinn

Lena Taksdal, 4.trinn

Zofia Nedrebø, 7. trinn

Sak 1: Kontinuering av FAU skuleåret 2025/2026

Leiar: Kristian Hognestad

Nestleiar: Ingrid Underhaug Nielsen

Kasserer: Tommy Liland

Sekretær/referent: Eva Madeleine Auglend

2: Val av representantar til SU/SMU og KUF

SU: Kristian Hognestad og Ingrid Underhaug Nielsen

KUF: Kristian Hognestad representerer Hognestad skule 2025/2026. Ingrid vara.

3: Datoar for FAU

Tysdag 2.9. kl. 18:00-19:30
Tysdag 21.10. kl. 18:00-19:30
Tysdag 25.11. kl. 18:00-19:30
Tysdag 10.2. kl. 18:00-19:30
Tysdag 28.4. kl. 18:00-19:30

Tysdag 26.5. kl. 18:00-19:30

4: Utviklingsplan

Ingveig orienterer. Engelsk og motivasjon framleis satsingsområde. I engelsk har me gode resultat, men vel å halda på det eit år til for at det skal vera stabilt. Lærarane ønsker å arbeida meir med motivasjon. Det skal dei gjera ved å utvikla gode undervisningsopplegg som skal vera praktiske, relevante, utfordrande og varierte. Dei skal arbeida med desse saman i PU-tid og få innspel av kvarandre.

5: Rett til trygt og godt skulemiljø kapittel 12 opplæringslov

Ingveig orienterer kva det betyr og korleis dei arbeidar på Hognestad skule for at alle skal ha det trygt og godt.

6: Laget på Hognestad skule

På Hognestad skule består laget av helsesjukepleiar (Inger Helen Torheim), PPT-kontakt (Henriette Hestvaag), SFO-leiar (Tove-Elin Gudmestad) og rektor (Ingveig Nærland Ødegård) Dei arbeidar for å støtta læraren og eleven både fagleg og sosialt. Arbeidet skal handla mest om å førebygga, men Laget kan og vera til hjelp i enkeltsaker.

7: Sosialt for klassen to ganger i året

Kontaktforeldre i kvar klasse har ansvar for at klassen har ei samling før jul og ei etter jul. Det kan vera å treffast på tur eller arrangera ein spelekveld. Det treng ikkje vera mykje organisering. Foreldrekontaktane tek dette opp på foreldremøta.

8: Høyring forslag til forskrift permisjon, forskrift om SFO og forslag til hovudmål

FAU synest forskriftene ser greie ut på alle punkt (lite endra). Ingveig sender inn høyringa frå FAU.

9. Digital praksis i Time

Fleire i FAU gav støtte til at det er viktig å ha ein detaljert plan for Digital opplæring. Det blei kommentert at det var bra at føresette frå no skal få meir informasjon om korleis den digitale bruken på skulen er og at føresette treng å vita meir om kva plattformer og digitale verktøy elevane brukar og kvifor. Dei fleste tenkte det kunne være enklare at dei minste ikkje har med iPad heim. Alle medlemmane av fjoråret og årets FAU har fått tilsendt lenke til å svara på høyringa. Frist for å senda inn innspel er i morgon 3.9.25.

10. Udir har sendt ut høyring til kommunane om endring i læreplanverket for 1.-4.trinn i forhold til bruk av digitale einingar. Til orientering.

11. Leirskule for 6 trinn kvar år

Etter evaluering frå elevar, tilsette og FAU har skulen kome fram til at det blir leirskule kvart år. Til våren blir det 27.04.26 til 30.04.26. Elevrådet og FAU tykkjer det har vore ein god prosess og ei god løysing no.

12. Foreldremøter

Forslag onsdag 24.09 og onsdag 11.03. FAU har ansvar for tema og ev.

foredragshaldarar til vårmøte. Datoane blei vedtekne. Ingveig informerer ut til føresette.

13: Mapahoney 11.09 kl 17-18.30

Me gjekk gjennom reknearket og fordelte arbeidsoppgåver. Ingveig sender ut invitasjon til alle via Visma. Alle i FAU (også vara) stiller opp frå 16:15 for å rigga og gjera klar. Sjå oversikt i rekneark som ligg ved referatet.

14. Anna

Trafikkdag 03.10. Foresatte hjelper til som vakter. Klassekontaktene spør på trinn og melder til Ingveig kven det blir. FAU kjøper inn pølser og saft, Ingveig handler. Vi ser om det er rester etter Mapahoney.

Ungdomsteam. Det er ønskeleg at FAU-leiar stiller på dette. Det er fire gonger i året. Rektor er også med.

Ref. Zofia Nedrebø